



**FJELL KOMMUNE**

## Tryggleiksalarm

Du er nå innvilga tryggleiksalarm. Det vil koma ein frå kommunen som monterer alarmboksen.

Før alarmen vert montert, må du kjøpe ein nøkkelboks og henge opp utanfor ytterdøra.

Kode på boksen din skal vere : \_\_\_\_\_

Du må også skaffe 2 nøklar – ein til å ha i nøkkelboksen og ein som vert oppbevart i Heimetenesta sitt alarmskap. Alarmen vert ikkje montert før dette er ordna.

Når du trykkjer på alarmen, vil alarmen gå direkte til heimetenesta. Dei kontaktar deg gjennom alarmboksen. Du fortel kva som har skjedd og kva hjelp du treng. Dersom du har behov for at nokon kjem og hjelper deg, vil heimetenesta køyre heim til deg og låse seg inn i huset ditt. Dersom du ikkje er i nærleiken av boksen og derfor ikkje kan snakke direkte med heimetenesta, vil dei først prøve å nå deg ved å ringe på telefonen din før dei rykkjer ut til deg. Nokre alarmknappar har to-vegs tale. Det vert vurdert ved godkjenning av tryggleiksalarm kva for ein knapp du skal ha.

Alarmen er berre meint til bruk inne i huset ditt. Men dersom du bur i einebustad/rekkehus vil den også kunna brukast i hagen din.

Alarmen skal brukast ved behov for hjelp. Ved behov for øyeblikkelig hjelp må ein ringa 113. Heimetenesta prioriterer alarmar som kjem inn, men det kan likevel gå opptil 1 time før dei klarar å koma.

Det er viktig at du har alarmen på deg heile tida. Det gjer ingenting om du kjem borti alarmen ved eit uhell. Det kan også vere greitt å teste alarmen innimellom ved å trykkje på den, slik at du vert trygg på korleis den verkar. Både ved uhell eller ved test, kan du forklare dette til heimetenesta, slik at dei ikkje rykkjer ut.

Dersom du ønskjer at det er familie/nabo i nærleiken som skal kontaktast ved utløyst alarm, kan ein gi beskjed til Heimetenesta om dette. Heimetenesta vil då ringe til familien din når du har utløyst alarmen.

Mvh

Heimetenesta Sone Sotra tlf. 55 09 71 90

Heimetenesta Sone Litlesotra tlf. 55 09 71 84